



Vindafjord kommune

Reglement for skuleskyss 2016 - 2023



**Barn under opplæringspliktig alder
Elevar i grunnskulen
Vaksne elevar på grunnskulen sitt område**

Revisjon av reglement gjeldande frå 1.8.2014

1. Innhald

2. Lover og reglar

- 2.1 Elevar i grunnskulen
- 2.2 Barn under opplæringspliktig alder
- 2.3 Vaksne
- 2.4 Individuelle rettar

3. Oversyn over retten til gratis skuleskyss

- 3.1 Grupper som kan ha rett til fri skyss etter opplæringslova
 - 3.1.1 Barn under opplæringspliktig alder
 - 3.1.2 Elevar i grunnskulen
 - 3.1.3 Vaksne elevar
 - 3.1.4 Elevar i vidaregåande skule

4. Grunnlag for gratis skuleskyss i grunnskulen

- 4.1 Rett ut frå målt avstand
- 4.2 Rett ut frå særleg farleg eller vanskeleg veg
 - 4.2.1 Tilstanden til skulevegen
 - 4.2.2 Klima
 - 4.2.3 Trafikkforholda på vegen
 - 4.2.4 Forhold knytt til den einskilde elev si meistring av vegen

5. Prinsipp for fastsetjing av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

- 5.1 Generell vurdering for alle årssteg
- 5.2 Når kryssing av vegen kan vera særleg farleg/vanskeleg for 1.-2. årstrinn
- 5.3 Generell vurdering for 1.- 4. årssteg
- 5.4 Generell vurdering 5.-7. årssteg
- 5.5 Generell vurdering 8.-10 årssteg
- 5.6 Skyss i samband med SFO og leksehjelp
- 5.7 Skyss for funksjonshemma og mellombels skadde barn

6. Kva rettar har ein når ein får gratis skyss?

- 6.1 Skyss frå offentleg veg/busshaldeplass med oppsett skyss eller buss i rute
 - 6.1.1 Gangavstand og reise –og ventetid
- 6.2 Skyss med taxi, minibuss og eigenskyss
- 6.3 Retten til gratis skyss kan bli avgrensa i vinterhalvåret
- 6.4 Retten til gratis skyss kan gjelda ein avgrensa periode
- 6.5 Rett når eleven går på ein annan offentleg skule enn den eleven soknar til
- 6.6 Skyss når foreldre har delt omsorg
- 6.7 Elev ved privat skule



7. Sakshandsaming og økonomisk ansvar

- 7.1 Ordinær skyss etter avstand
- 7.2 Skyss på særleg farleg/vanskeleg veg
- 7.3 Andre søknader om gratis skyss
 - 7.3.1 Førskulebarn
 - 7.3.2 Skyss ved skade eller funksjonshemming
 - 7.3.3 Vaksne i grunnskulen
 - 7.3.4 Skyss til privat grunnskule

8. Ansvar for tryggleiken til barna i trafikken

- 8.1 Kommunen og skulen sitt ansvar
- 8.2 Foreldre og føresette sitt ansvar

9. Kategorisering av skulevegar

10. Rettleiar – særleg farleg skuleveg

- 10.1. Gratis skyss med taxi eller betalt foreldreskyss
- 10.2 Gratis skyss avgrensa til vinterhalvåret (november t.o.m februar)

Rettleiar for

- Ølen skule
- Vågen skule
- Bjoa barnehagage og skule
- Vik barnnehage og skule
- Skjold skule
- Vats skule
- Sandeid skule
- Vikedal skule
- Imsland skule

2. Lover og reglar

2.1 Elevar i grunnskulen

Elevar i grunnskulen har rett til skyss til og frå skulen etter reglar gitt i Opplæringslova §7-1. Ansvaret for skyssen er delt mellom fylkeskommunen og kommunen, jf. Opplæringslova §13-4.

2.2 Barn under opplæringspliktig alder

Barn under opplæringspliktig alder kan ha rett til skyss i særleg høve når dei får spesialpedagogisk hjelp, sjå §7-6. Funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke har rettar etter §7-3.

2.3. Vaksne

Vaksne sine rettar er knytt til opplæringslova §4A-7.

2.4 Individuelle rettar

Forvaltningslova gjeld i dei tilfelle der elevar har individuelle rettar og det skal gjerast einskildvedtak.

Vindafjord kommune bygger forvaltninga av kommunen sitt ansvar på gjeldande lovreglar. I tillegg vil reglar i dette kommunale reglementet bli lagt til grunn når saker som gjeld skuleskyss vert behandla.

3. Oversyn over retten til gratis skuleskyss

3.1 Grupper som kan ha rett til fri skyss etter opplæringslova

3.1.1 Barn under opplæringspliktig alder.

Opplæringslova §7-6: Barn med rett til spesialpedagogisk hjelp. Desse barna kan ha rett til skyss etter §7-6 når det på grunn av særlege omsyn er nødvendig for å kunne ta imot denne hjelpa.

I merknader til denne paragrafen i Ot.prp. nr. 46 (1997-98) står det: Det blir gitt rett til skyss der foreldra til barn med spesialpedagogisk hjelp har vesentleg større byrder knytte til skyssen enn andre foreldre som har barn i barnehage.

3.1.2 Elevar i grunnskulen

Retten til skyss i grunnskulen vert omtala i Opplæringslova §7-1:

§ 7-1. Skyss og innlosjering i grunnskolen

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda.

Departementet gir nærmare forskrifter om tryggleiken til elevane under skuleskyssen.

Kommunen skal innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg. I vurderinga skal det særleg leggjast vekt på forhold som gjeld den enkelte eleven, til dømes alder, funksjonshemming, reisetid og tryggleik, og om dagleg skyss fører til ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen. I tvilstilfelle avgjer foreldra om eleven skal skyssast eller innlosjerast.

Kommunen fører tilsyn med grunnskoleelevar som er innlosjerte.

3.1.3 Vaksne elevar

Opplæringslova §4A-7: Vaksne som ikkje har fullført grunnskolen

Vaksne som bur meir enn fire kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss når dei får grunnskoleopplæring etter kapitlet.

Vaksne som på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade har behov for det, har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når dei får grunnskoleopplæring etter dette kapitlet.

3.1.4 Elevar i vidaregåande skole

Det er fylkeskommunen som har ansvar for skyss. Lovgrunnlaget finn ein i Opplæringslova §7-2.

Spørsmål om skyss for elevar i vidaregåande skule kan ein ta opp med den skulen det gjeld.

4. Grunnlag for gratis skuleskyss i grunnskulen

4.1 Rett ut frå målt avstand

Elevar har følgjande rett til skuleskyss etter avstand (oppl.lov §7-1):

For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer.

Elevar i 2. – 10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss.

Avstand blir målt frå eleven sin bustad til hovudinngang ved skulen. Retten oppstår etter måling ”dør til dør”. Merk likevel at skyssretten som hovudregel inneber at eleven får gratis skyss frå bussstopp/oppsamlingsplass.

4.2 Rett ut frå særleg farleg eller vanskeleg veg

Når vegen vert rekna som særleg farleg eller vanskeleg, har elevar rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Moment ved vurdering av særleg farleg eller vanskeleg veg

Elevar kan ha rett til gratis skuleskyss utan omsyn til veglengda på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Utdanningsdirektoratet har i Rundskriv Udir-3-2009 gitt følgjande vurdering av omgrepet ”særleg farleg eller vanskeleg skoleveg”, jf. Oppl.lov §7-1:

Vilkåret ”særleg farleg eller vanskeleg” er eit omgrep som det kan vere vanskeleg å definere ut frå lovteksten. Elevar som ferdast i trafikken, vil alltid vere utsette for ein viss fare. Dette er likevel ikkje nok til å få gratis skyss ettersom det må vere tale om ein ”særleg risiko”. Dette inneber at faren ved å ferdast på denne vegen må vere utanom det vanlege for at vegen skal kunne karakteriserast som ”særleg farleg eller vanskeleg” skoleveg for den einkilde elev.

Ved vurderinga av om vegen er ”særleg farleg eller vanskeleg” må alle relevante tilhøve ved vegen kartleggjast. Det kan mellom anna vere trafikkettleik, vegdekke, breidde, vegskulder, fotgjengarovergangar, fartsdumpar, lys, generell sikt, fartsgrense og ulykkesstatistikk. Ein må vere merksam på at trafikktilhøva kan endrast gjennom årstidene, til dømes når det gjeld lys/sikt, føre og brøyting. Det må deretter gjerast ei vurdering av om den einkilde elev har føresetnader for å ta seg forsvarleg fram i det aktuelle trafikkbiletet. Ved den individuelle vurderinga må det mellom anna takast omsyn til alder, utvikling, syn og hørsel.

Kommunal Rettleiar for vurdering av særleg farleg veg

Som ein del av reglementet er det utarbeidd ei rettleiing om skolevegar som må reknast som særleg farlege. For å få rett til gratis skyss må det vere tale om ein ”særleg risiko”. Rundskriv Udir-3-2009, s. 9: ”Dette inneber at faren ved å ferdast på denne vegen må vere utanom det vanlege for at vegen skal karakteriserast som ”særleg farleg eller vanskeleg skoleveg for den einkilde elev”.

Rettleiinga er tatt inn i siste kapittel i reglementet. Her følgjer forhold som vert vurderte i samband med særleg farleg eller vanskeleg veg:

4.2.1 Tilstanden til skolevegen

Moment her kan vere fotgjengarovergangar, fartsdumpar, generell sikt, fartsgrense, ulykkesstatistikk/ulykkesrisiko, vegbreidde, vegskulder, vegdekke, veglys, fortau og sykkel- og gangsti.

4.2.2 Klima

Veg som har mykje snø, er glatt, mørk vintersdag kan gje ekstra fare. Bilar har ikkje så lett for å manøvrere på glatt føre, barn kan vere vanskelege å sjå i mørke m.m.

4.2.3 Trafikkforholda på vegen

Trafikkmengd, grad av tungtrafikk, fartsnivå m.m. er viktige moment når ein skal vurdere ein vegstrekning.

4.2.4 Forhold knytt til den enkelte eleven si meistring av vegen

Det vanlegaste har vore å vurdere eleven sin alder ut frå at ein veg kan vere særleg farleg for ein ung elev (t.d. 6-åring), mens ein kan rekne med at ein elev i ungdomsskulealder taklar dei utfordringar denne vegen byr på. Når ein vurderer den enkelte elev, skal ein ta med moment som gjeld denne eleven som

individ, t.d. mogning, funksjonsevne m.m. som kan vere ulikt frå elev til elev sjølv om dei har same alder.

5. Prinsipp for fastsetjing av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

For å sikre mest mogleg lik vurdering av vegar når ein skal gi retningsliner for særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, har ein sett opp nokre prinsipp som er lagt til grunn i kommunen når ein har kategorisert vegane.

5.1 Generell vurdering for alle årstrinn

Dersom det er fortau, gang- og sykkelveg eller alternative vegar/gangvegar, gangstiar eller liknande som eleven kan nytte til og frå skulen, er vegen i utgangspunktet ikkje å rekne som særleg farleg eller vanskeleg for noko årstrinn utan at særlege moment taler for det.

Dersom aktuell veg bare er særleg farleg eller vanskeleg i vinterhalvåret p.g.a. mørke og dårleg sikt (om morgonen) eller snø og glatt føre, kan retten til gratis skyss bli avgrensa til vinterhalvåret der årsdøgntrafikken (ÅDT) er minst 500. Ev gratis skyss vil i tilfelle gjelde for månadane november t.o.m. februar. Retten kan avgrensast til morgonen.

5.2 Når kryssing av veg kan vere særleg farleg/vanskeleg for 1. – 2. årstrinn

Der eleven skal krysse trafikkert veg for å komme til buss-stopp, kan det nokre stader vere for kort sikt lengde for bilfører til å kunne stoppe tidnok for barn som kryssar vegen. Ei trygg sikt lengde er avhengig av farten på staden. Vegvesenet nyttar omgrepet «stoppsikt» slik: Stoppsikt er nødvendig sikt lengde fram til et objekt for at bilføreren skal kunne oppdage objektet, reagere, vurdere om han skal bremse og bremse kjøretøyet til stopp.

For å legge inn ein ekstra sikringsmargin, vert det sett ei grense på dobbel stoppsikt.

Ut frå dette vert eit rettleiande prinsipp at vegen kan vere særleg farleg for elever i 1. – 2. årstrinn dersom sikt lengda er mindre enn desse verdiane:

ved 50 km vert dette 90 meter

ved 60 km vert det 140 meter

ved 80 km vert det 290 meter

Aktuelt tiltak kan då vere særskilt skyss for elevar i 1. – 2. årstrinn (drosje eller foreldrekjøring) den eine vegen der buss-stopp ligg på ”feil side” av vegen.

5.3 Generell vurdering for 1. – 4. årssteg

Dersom fartsgrense er 50 km/t eller lågare, vert ikkje vegen rekna som særleg farleg/vanskeleg utan at særlege moment kjem i tillegg.

5.4 Generell vurdering for 5. – 7. årssteg

Dersom fartsgrensa er lågare enn 60 km/t og årsdøgntrafikken (ÅDT) er lågare enn 1000, vert ikkje vegen rekna som særleg farleg/vanskeleg utan at særlege moment kjem i tillegg.

5.5 Generell vurdering for 8. – 10. årssteg

Dersom fartsgrensa er 60 km/t eller lågare og årsdøgntrafikken (ÅDT) er lågare enn 2000, samt at det eksisterar skulder/sideareal langs vegen, vert ikkje vegen rekna som særleg farleg/vanskeleg utan at særlege moment kjem i tillegg.

5.6 Skyss i samband med SFO og leksehjelp

Elevar med rett til skuleskyss får skyss til skulen om morgonen og heim frå skulen etter skuletid, dvs. to turar per dag. Dersom det er oppsett skyss som passer inn med tider for SFO, kan skyssen nyttast før skuletid og etter at SFO er slutt i staden for ved skuleslutt.

5.6 Skyss for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke

Opplæringslova §7-3, 2. ledd gir følgjande rett: Elevar som har plass i skolefritidsordninga, jf. Opplæringslova §13-7, og som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss til og frå skolefritidsordninga. Retten omfattar ikkje skyss i skoleferiane. Retten til skyss gjeld uavhengig av avstaden mellom heimen og skolefritidsordninga. Eventuell behov for skyss ut over dette er foreldre/føresette sitt ansvar. Det same gjeld dersom skyss er aktuelt etter at elev har nytta seg av tilbod om leksehjelp.

6. Kva rettar har ein når ein får gratis skyss?

6.1 Skyss frå offentleg veg/busshaldeplass med oppsett skyss eller buss i rute

Når elev har fått rett til skyss etter avstand eller etter reglane om særleg farleg skuleveg, gjeld som hovudregel at eleven må møte på busshaldeplass. Kommunen legg følgjande rettleiande avstandar og ventetider til grunn:

6.1.1 Gangavstand og reise- og ventetid

I Ot.prp nr. 46 (1997-98) er følgjande tatt inn:

Det må kunne krevjast at eleven går ein rimeleg distanse fram til ein oppsamlingsplass. Kva som er rimeleg distanse, må avgjerast etter ei konkret vurdering, der ein blant anna legg vekt på alderen til eleven og på trafikktryggleik og kor framkommeleg distansen er.

Det kan bli sett inn særskilt skyss dersom gangavstand mellom bustad og næraste haldeplass er meir enn: 1,0 km for elev i 1. klasse, og 2,0 km for elevar i 2. – 10. klasse.

Det same kan gjelde dersom samla reise- og ventetid undervegs ein veg er meir enn

1. – 4. klasse	45 minutt
5. – 7. klasse	60 minutt
8. – 10. klasse	75 minutt

6.2 Skyss med taxi, minibuss eller eigenskyss

Dersom elev med rett til gratis skyss ikkje kan følgje skyss med oppsett buss, kan det bli sett inn særskilt skyss med taxi eller minibuss.

Desse kan ta opp elev i gardsveg/sideveg når det vert vurdert som særleg farleg å krysse hovudveg for å kome til vanleg busshaldeplass eller det vert vurdert som særleg farleg å gå langs hovudveg for å kome til buss-stopp. I nokre tilfelle kan særskilt skyss bli vedtatt ein veg dersom det er trygt å nytte vanleg buss til busshaldeplass den andre vegen.

Dersom kommunen eller Kolumbus finn det hensiktsmessig, kan det gjerast avtale om at føresette sjølve køyrer barnet sitt (eigenskyss) mot ei avtalt godtgjerse. Kommunen eller Kolumbus vil i tilfelle ta kontakt med føresette.

6.3 Retten til gratis skyss kan bli avgrensa til vinterhalvåret

Gjeld når klima, lystilhøve eller vegtilhøva elles tilseier at vegen er særleg farleg bare i denne perioden. Som hovudregel vert vinterskyss avgrensa til perioden frå 01.11 – 28.02.

6.4 Retten til gratis skyss kan gjelde ein avgrensa periode

Kan gjelde dersom det er særlege tilhøve som skaper særleg farleg veg, og desse tilhøva fell bort etter ei tid. (T.d. vegarbeid, nybygging av veg eller gang- og sykkelsti).

6.5 Rett når eleven går på ein annan offentleg skule enn den eleven soknar til

Når elev går på annan skule i kommunen enn den han/ho soknar til, er hovudregelen at føresette sjølve må dekke ev. meirkostnaden ved skuleskyssen. Kommunen kan i særlege høve dekke meirkostnaden når det ligg føre dokumenterte faglege eller sosiale grunnar for eit anna skuleval enn den skulen eleven soknar til.

6.6 Skyss når foreldre har delt omsorg

Elev med rett til skyss har rett til skyss frå begge foreldre sin bustad dersom det blir dokumentert at omsorga for barnet er delt slik at barnet bur minst 40% av tida hos kvar av foreldra.

6.7 Elev ved privat skule

Eleven har rett til skyss etter same reglar som for offentlege skular, men bare innafor Vindafjord kommune. Elev som t.d. går på Steinerskulen eller Danielsen skule får etter skriftleg søknad dekka tilskot etter busstakst til skuleskyss frå heimstad til grense mot Tysvær kommune.

7. Sakshandsaming og økonomisk ansvar

7.1 Ordinær skyss etter avstand

Kvar skule sender årleg liste til Rogaland Kollektivtrafikk FKF (Kolumbus) med oversyn over elevar med rett til gratis skyss på grunnlag av avstand. Kolumbus gjer vedtak og syter for reisebevis/kort til elevane. Foreldre/føresette kontaktar skulen dersom det er spørsmål om reisebevis/kort etter avstand. Skulane sender melding om endringar gjennom året.

7.2 Skyss på særleg farleg/vanskeleg veg

Føresette som meiner dei har rett på gratis skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg veg, må sende søknad til skulen. Søknaden skal innehalde namn på eleven og føresette, kva veg ein finn særleg farleg og ei grunngjeving for søknaden.

Vedtak vert til vanleg gjort for eit skoleår om gongen, men det kan gjerast for kortare eller lengre periode. Vedtaket kan gjelda delar av skuleåret. Vedtaksrett er delegert til rektor ved den skulen barnet går på.

Vedtak om slik skyss er enkeltvedtak og kan påklagast til Fylkesmannen i Rogaland som er klageinstans. Ev klage skal sendast til kommunen.

7.3 Andre søknader om gratis skyss

7.3.1 Førskulebarn

Den som meiner å ha rett til skyss etter opplæringslova §7-6, sender søknad til Vindafjord kommune.

7.3.2 Skyss ved skade eller funksjonshemming

Elev som må ha skyss på grunn av funksjonshemming eller midlertidig skade/sjukdom kan etter søknad få skyss mellom bustad og skule. Det må følgje med dokumentasjon frå lege.

Søknad vert levert til skulen som sender denne vidare til Kolumbus. Kolumbus (ev skulen ved akutt situasjon) bestiller drosje når dette er nødvendig.

7.3.3 Vaksne i grunnskulen

Vaksne som får grunnskuleopplæring etter opplæringslova kap. 4A, har rett til gratis skyss dersom dei bur meir enn 4 km frå skulen. For funksjonshemma eller elevar med sjukdom/skade gjeld retten utan omsyn til veglengda. Den som meiner å ha rett til skyss etter opplæringslova §4A-7, sender søknad til Vindafjord kommune.

7.3.4 Skyss til privat grunnskule

Føresette sender søknad om refusjon av skysskostnad til privat grunnskule i samsvar med den informasjon skulen gir. Elev under 15 år må skaffe periodepass og elev over 15 år må kjøpe ungdomskort. Kvittering må takast vare på.

8. Ansvar for tryggleiken til barna i trafikken

Kommunen, skulane og foreldre/føresette har eit felles ansvar for at barna kan ferdest mest mogleg trygt i trafikken til og frå skulen og elles.

8.1 Kommunen og skulen sitt ansvar

Kommunen har etter Opplæringslova §13-10 eit ansvar for å ha eit forsvarleg system for å vurdere om krava i Opplæringslova og forskriftene til lova er oppfylte. Desse retningslinene er ein del av eit slikt system nær det gjeld Opplæringslova kap. 7.

Den enskilde skule har etter kompetansemåla i Kunnskapsløftet eit ansvar for å gje systematisk **trafikkopplæring**. Det heiter t.d:

Etter 4. trinn, plan for kroppsøving: «*Elevane skal kunne følgje trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar*». Etter 7. trinn, plan for kroppsøving: «*Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel*». Etter 10. trinn, plan for naturfag: «*Elevane skal kunne gjere greie for korleis trafikk sikkerheitsutstyr hindrar og minskar skader ved uhell og ulukke*».

Skulen har og eit **tilsynsansvar** i samband med skyss. I Merknader til Ot.prp. til Opplæringslova §7-4 står det: .. «*Men også tilsyn i samband med at eleven byter skyssmiddel kan i særlege tilfelle vere omfatta av tilsynsplikta. Dette gjeld der situasjonen ved byte av skyssmiddel er særleg farleg, så også lovutkastet §7-1 om retene til skyss når skoleveien er særleg farleg*».

8.2 Foreldre og føresette sitt ansvar

Trygg Trafikk har i «Veileder særlig farlig eller vanskelig skolevei» formulert følgjande om foreldre sitt ansvar (side 18):

«Foreldrene har hovedansvaret for trafikkopplæring av egne barn. Når det innvilges skyss for en begrenset periode, er det svært viktig at det samtidig trenes mye med barna, slik at de er i stand til å ferdes på egenhånd når skyssen bortfaller:

Foreldre må gå den aktuelle skoleveien sammen med barna og gjøre de korrekte val av kryssingspunkter, lære barna hva de skal se og høre etter og hvordan de skal oppføre seg når de går langs veien. Der barna har skoleskyss, må opplæringa også omfatte hvordan man oppfører seg på holdeplassen og i buss eller drosje.

Foreldrene er barnas viktigste rollemodeller, og det stiller krav til deres egen oppførsel i trafikken. Forventer man at barn opptrer riktig i trafikken, må de voksne være gode eksempler».



9. Kategorisering av skuleveggar

Vindafjord kommune har vurdert dei fleste vegane som vert nytta av elevane til og frå skulen ut frå kriterium for særleg farleg eller vanskeleg veg (jf. kap. 4 og 5 ovanfor).

Den som har avgjerdsmynde når det gjeld søknader om gratis skyss med grunnlag i særleg farleg eller vanskeleg veg, skal som hovudregel legge desse kategoriane til grunn i tillegg til moment som gjeld den enkelte elev når søknad skal avgjerast. I siste kapittel følgjer oversyn over dei fleste aktuelle skulevegane, fordelt på kvar skule i kommunen.

Nasjonal vegdatabank (NVDB) viser at E134 er den klårt mest ulukkeramma vegen i kommunen.

10. Rettleiar – særleg farlege eller vanskelege vegar

Nedanfor følgjer eit oversyn over dei fleste skuleveggar i kommunen med rettleiande vurdering av særleg farlege eller vanskelege vegar. Oversynet bygger på prinsippa for farleg veg som er konkretiserte i kap. 5 ovanfor.

Rettleiinga nedanfor gir ei avklaring av retten til gratis skyss med buss/oppsett skuleskyss for elevar på visse årssteg og på bestemte strekningar. Tabellen omtalar farleg veg innafor dei avstandande elevar elles ikkje har rett på skyss (inntil 2 km for 1. årssteg, inntil 4 km for 2. – 10. årssteg).

Eit vedtak om rett til gratis skyss kan gje anna resultat enn i rettleiinga når det vert dokumentert særlege behov for eleven eller det ligg føre særlege tilhøve ved vegstrekninga som ikkje er tatt med i rettleiinga nedanfor. Følgjande moment kan vurderast i samband med vedtak om skyss:

10.1 Gratis skyss med taxi eller betalt foreldreskyss

Når eleven har rett til gratis skyss (etter avstand eller farleg veg) og tilbodet med den vanleg oppsette skyssen ikkje gir god nok sikkerheit for eleven det gjeld (t.d. når elev må gå på eller krysse særleg farleg veg for å kome til busshaldeplass), kan slik skyss vere aktuell. Vedtak kan fastslå at eleven får rett til skyss den eine vegen når vanleg skyss gir god tryggleik den andre vegen. (Sjå kap. 5, prinsipp når det gjeld kryssing av veg, 1. – 2. årssteg).



10.2 Gratis skyss avgrensa til vinterhalvåret (november t.o.m. februar)

I nokre høve kan det vurderast om veg som elles ikkje er særleg farleg eller vanskeleg, vert rekna som farleg veg nokre månader om vinteren p.g.a. snø og smal veg, glatt veg, mørke om morgonen.



Rettleiar

A Vegar vurdert som «særleg farleg».

Ølen skule			
Vegnamn	Beskriving av vegen	Rettleiande vurdering	Merknader – Grunngeving for vurdering av fri skyss. (ÅDT= årstdøgtrafikk)
E134	- austover	<u>Årssteg 1-10</u> Fri skyss til/frå heim aust for av køyring frå E134 til Dørheimfeltet	Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys, delvis manglande vegskulder (fjellskjæring), vegbreidde <u>Klima.</u> Snø på vegskulder. <u>Trafikkforholda på vegen.</u> 80 km sone, Stor trafikk, stor andel tungtrafikk Til Øvrehagen: ÅDT: 6.900 Frå Øvrehagen: ÅDT: 3.850
E134	- mot Ølensvåg	<u>Årssteg 1-10</u> Fri skyss frå der sykkel- og gangsti sluttar	Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys, vegbreidde. <u>Trafikkforholda på vegen.</u> 60 km sone, Stor trafikk, stor andel tungtrafikk, ÅDT: 7.300
Fv 514 E134	- mot Sandeid	<u>Årssteg 1-10</u> Fri skyss sør for avkøyringsveg til Stumo/Haugland (slutt g/s-veg og til 4 km)	Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys <u>Trafikkforholda på vegen.</u> 80 km sone, høg fart, Stor trafikk. ÅDT 1.950

Skjold skule			
E134 mot aust og avkøyring v/Solheim (Fv 513)	- aust mot Knapphus og frå avkøyring ved Solheim	<u>Årssteg 2-10</u> Fri skyss frå E 134 ved Solheimsvegen aust og inntil 4 km frå skulen	Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, relativt smal veg for trafikkmengda <u>Trafikkforholda på vegen.</u> 80 km sone. Stor trafikk: ÅDT 5.800 på E134, stor andel tungtrafikk
Fv 734 (Vikebygd) Fv 735 (Haraldseidvågen)	- mot Vikebygd og mot Haraldseidvågen	<u>Årssteg 2-10</u> Fri skyss frå start 60-sone mot Vikebygd og på Fv735 inntil 4 km frå skulen (til om lag Haraldseidvågen) p.g.a. særleg farleg veg	<u>Fv734 mot Vikebygd:</u> Vegen er smal, delvis uoversiktleg, utan g/s, utan lys ÅDT=2.000. til avkøyring til Toraneset, vidare ÅDT=700. <u>Fv735 til Haraldseidvågen:</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys, smal og uoversiktleg veg. ÅDT=300 <u>Trafikkforholda på vegen.</u> Ein del av Fv734 og Fv 735 er tungt trafikkert av store bilar og andre til renovasjonsplass, ikkje s/g, ikkje lys, smalt

Vågen skule			
Vegnamn	Beskriving av veggen	Rettleiande vurdering	Merknader – Grunngeving for vurdering av fri skyss. (ÅDT= årsdogntrafikk)
E134	– mot aust	<u>Årssteg 1 - 7</u> Fri skyss i 60- og 80-sona mellom Ølensvåg og Ølen	Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys <u>Trafikkforholda på veggen.</u> 60 og 80 km sone, Stor trafikk, stor andel tungtrafikk, ÅDT: 7.300
E134	– mot vest	<u>Årssteg 1 - 7</u> Fri skyss i 60- og ev 80-sona frå slutten av g/s-veg	Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys. Smal og svingete veg. Klima. Særleg glatt veg om vinteren <u>Trafikkforholda på veggen.</u> 60 og 80 km sone, Stor trafikk, stor andel tungtrafikk. ÅDT 4.700
E134/FV543	– vegkryss og Bjoavegen	<u>Årssteg 1 – 4</u> Elevar busett langs Bjoa-vegen (Fv543), eller nord for E134 får rett til trygg kryssing av E134 ved Statoil ved tiltak i krysset og /eller ved gratis skyss.	<u>Grunngeving:</u> Uoversiktleg trafikkbilete, kryss i Vågen. Stor trafikk. Tungtrafikk. Forstyrrende element: To vegkryss og Statoil-stasjon. ÅDT mot Bjoa: 3.000 ÅDT etter Lundeneset: 950

Bjoa barnehage og skule			
Fv 543 og veg til Dalsbruket, Eikås	– nord mot Utbjoa kai og veg til Dalsbruket/ -Eikås og	<u>1. Årssteg</u> Fri skyss inntil 2 km <u>Årssteg 2 – 4</u> Fri skyss inntil 4 km	Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, delvis veglys på FV543 <u>Trafikkforholda på veggen.</u> 60 og 80 km sone. ÅDT mellom 950
	veg opp til Steinsland	<u>1.-4 Årssteg</u> Fri skyss	Grunngeving: Samla reisetid, vedtak fylkesmannen. <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje veglys fram til FV543, lang gangavstand til bussopp ved FV 543 gjev lang reisetid
Fv 543	– sør mot Ølensvåg	<u>1. Årssteg</u> fri skyss inntil 2 km <u>Årssteg 2 – 7</u> Fri skyss inntil 4 km	Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys på RV543 <u>Trafikkforholda på veggen.</u> 60 og 80 km sone. ÅDT mellom 950

Vik barnehage og skule			
Fv 734 - sør	– sør mot Isvik	<u>1. Årssteg</u> Fri skyss sørover frå Vossa-svingen og inntil 2 km frå skulen <u>Årssteg 2 – 7</u> Fri skyss sørover frå Vossa-svingen og inntil 4 km frå skulen	Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys på Fv734. Smal og uoversiktleg veg. <u>Trafikkforholda på veggen.</u> 60 og 80 km sone. ÅDT = 200
Fv 734 - nord	– nord mot Utbjoa	<u>1. Årssteg</u> Fri skyss nord for Alnavegen og inntil 2 km <u>Årssteg 2 – 4</u> Fri skyss nord for Alnavegen og inntil 4 km	Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys på Fv734. Smal og uoversiktleg veg. <u>Trafikkforholda på veggen.</u> 60 og 80 km sone. ÅDT= 200

Vats skule			
<i>Vegnamn</i>	<i>Beskriving av vegen</i>	<i>Rettleiande vurdering</i>	<i>Merknader – Grunngeving for vurdering av fri skyss. (ÅDT= årskogtrafikk)</i>
Fv 46 mot Knapphus	- mot Knapphus	<p><u>1. Årssteg</u> Fri skyss frå slutt s/g-veg til 2 km frå skulen.</p> <p><u>Årssteg 2 – 7</u> frå slutt g/s-veg til 4 km frå skulen (om lag ved Skrunes)</p>	<p>Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys, oversiktleg veg <u>Trafikkforholda på vegen.</u> 60 km og 80 km sone, ÅDT 2.400. Rett vegstrekning innbyr til høg fart.</p>
Fv 46 mot Sandeid	- mot Sandeid	<p><u>1. Årssteg</u> Fri skyss frå slutt g/s-veg austover til 2 km frå skulen</p> <p><u>Årssteg 2 – 4</u> Fri skyss frå slutt g/s-veg og austover inntil 4 km frå skulen</p> <p><u>Årssteg 5 – 7</u> Fri skyss frå start 80-sone og austover inntil 4 km frå skulen</p>	<p>Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys, relativt smal og uoversiktleg veg <u>Trafikkforholda på vegen.</u> 80 km sone, ÅDT 1.350</p>

Sandeid skule			
Fv 46 mot Vats	- mot Vats	<p><u>1. Årssteg</u> Fri skyss vestover frå slutt sykkel- og gangsti inntil 2 km frå skulen.</p> <p><u>Årssteg 5 – 7</u> Ikkje fri skyss, grunna alternativ gangveg.</p>	<p>Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys, smal og uoversiktleg veg. <u>Trafikkforholda på vegen.</u> Frå 50 over til 80 km sone, ÅDT=1 350</p>
Fv46 frå Strand-vegen	- mot Vikedal	<p><u>Årssteg 2 – 7</u> Fri skyss frå start 80-sone inntil 4 km</p>	<p><u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys, smal <u>Trafikkforholda på vegen.</u> Frå 80 km sone, ÅDT=2.000</p>
Fv514 mot Ølen	- mot Ølen	<p><u>1. Årssteg</u> Fri skyss frå Forehaugsvegen til 2 km frå skulen.</p> <p><u>Årssteg 2 – 7</u> Fri skyss frå slutt 50-sone og til 4 km frå skulen.</p>	<p>Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys, smal og uoversiktleg veg. <u>Trafikkforholda på vegen.</u> 60 og 80 km sone, ÅDT=1.950</p>
Helgelands vegen	Sandeid skule - Helgeland	<p><u>1. Årssteg</u> Fri skyss frå start 60-sone og inntil 2 km der fart er 60, ev. 80 km sone.</p> <p><u>Årssteg 2 – 7</u> Fri skyss i 60- og 80-sone.</p> <p><u>Merknad: 5.-7. årssteg</u> Fri heilårsskyss</p>	<p>Grunngeving: Elevar kan kome til skulen via eigen gangveg gjennom byggefeltet Balahaugen utan å gå på eller krysse Fv514. ÅDT = 350. 50, 60 og 80-sone. Retten til fri skyss grunna fartsgrenser</p> <p>Merknad: Elevar i 5.-7. årssteg får fri heilårsskyss etter kommunestyrevedtak pr. 24.6.14.</p>

Vikedal skule			
<i>Vegnamn</i>	<i>Beskriving av vegen</i>	<i>Rettleiande vurdering</i>	<i>Merknader – Grunngeving for vurdering av fri skyss. (ÅDT= årskogtrafikk)</i>
Fv46 mot Sandeid	- mot Sandeid	<p><u>1. Årssteg</u> Fri skyss frå bru i sentrum og inntil 2 km frå skulen.</p> <p><u>Årssteg 2 – 7</u> Fri skyss frå start 80-sone mot Sandeid og inntil 4 km frå skulen.</p>	<p>Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys, delvis manglande vegskulder, smal og uoversiktleg veg . <u>Trafikkforholda på vegen.</u> 60 og 80 km sone, ÅDT til kai: 2.300 ÅDT nordover frå avkøyeing til kai: 2.000</p>
Fv46 mot Imsland	- mot Imsland	<p><u>1. Årssteg</u> Fri skyss frå Søndenafeltet sør (slutt gangveg) og inntil 2 km frå skulen (ca 150 m før kryss til Sønnanåneset).</p> <p><u>Årssteg 2 – 7</u> Fri skyss frå Søndenafeltet sør (slutt på gangveg) og inntil 4 km frå skulen (om lag 250 m før Hogganvikvegen)</p>	<p>Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys, delvis manglande vegskulder, smal og uoversiktleg veg <u>Trafikkforholda på vegen.</u> 60 og 80 km sone, ÅDT: 1400</p>
Fv745	Vikedalsdalen	<p><u>1. Årssteg</u> Fri skyss frå slutt s/g-veg (eller turveg) og inntil 2 km frå skulen.</p> <p><u>Årssteg 2 – 7</u> Fri skyss frå slutt s/g-veg (eller turveg) og inntil til 4 km frå skulen</p>	<p>Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys, delvis manglande vegskulder, smal og uoversiktleg veg, 60 – 80 km sone, <u>Trafikkforholda på vegen:</u> ÅDT:800. Fartsgrense delvis 80 gir denne vurdering sjølv om fart er lågare enn generell vurdering (s. 7)</p>

Imsland skule			
Fv46 mot Vikedal	- mot Vikedal	<p><u>1. Årssteg</u> Fri skyss frå start 80-sone inntil 2 km frå skulen.</p> <p><u>Årssteg 2 – 7</u> Fri skyss frå start 80-sone og inntil 4 km frå skulen.</p>	<p>Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Ikkje g/s-veg, ikkje veglys, delvis manglande vegskulder, smal og uoversiktleg veg, 80 km <u>Trafikkforholda på vegen:</u> ÅDT=1.400</p>
Fv46 mot Ropeid	- mot Ropeid	<p><u>1. Årssteg</u> Fri skyss frå slutt g/s-veg og inntil 2 km</p> <p><u>Årssteg 2 – 7</u> Fri skyss frå slutt g/s-veg og inntil 4 km (om lag Kvaløyvegen)</p>	<p>Grunngeving: Tilstanden til skolevegen. Ikkje g/s-veg, ikkje veglys, delvis manglande vegskulder, smal og uoversiktleg veg, 80 km Trafikkforholda på vegen., ÅDT=1.000</p>

B. Vegar vurdert som «ikkje særleg farleg»

Ølen skule			
<i>Vegnamn</i>	<i>Beskriving av vegen</i>	<i>Rettleiande vurdering</i>	<i>Merknader – Grunngeving for vurdering</i>
Fv 762	– Dreganes	Ingen rett til fri skyss på denne vegen	Vegen har moderat trafikk og hastigheit. 50 km sone. ÅDT: 300
Kom. vegar	– lokale vegar	Ingen rett til fri skyss på vegane	Vegane har moderat trafikk og 50 km sone. Mange stader s/g-veg

Imsland skule			
rundt Ølmedalsvatnet	– Rundt vatnet	Ingen rett til fri skyss på denne vegen	Liten trafikk, moderat fart. ÅDT: 200 50 km sone

Sandeid skule			
Fv 46 mot Vats	- mot Vats	<u>Årssteg 5 – 7</u> Ikkje rett til fri skyss grunna alternativ gangveg.	Grunngeving: <u>Tilstanden til skolevegen.</u> Alternativ gangveg